



Vår saksbehandlar  
Hans Fr Lauvstad – tlf 57 72 32 55  
E-post: hla@fm-sf.stat.no

Vår dato  
10.02.2004  
Dykkar dato  
04.12.2003

Vår referanse  
2003/10878-3 530  
Dykkar referanse

Landbruksdepartementet  
pb. 8007 Dep  
0030 Oslo

## Forslag til ny lov om skogbruk - Høring

Vedlagt følgjer kopi av fylkeslandbruksstyret si møtebok, dokumentliste og eventuelle vedlegg så langt dei vedkjem ovannemnde sak.

Med helsing

Per Ingolv Nygård  
Landbruksdirektør

Hans Fr Lauvstad  
fylkesskogsjef

Vedlegg:

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 1

Saksnummer: 14-00-04-10000 SKO	Kommune:
Møtedato: 09.02.2004	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

## LANDBRUKSDIREKTØREN SINE MERKNADER:

### **Innleiing**

Stortinget uttala under handsaming av Skogmeldinga våren 1999, at den varsla nye skogbrukslova skulle vere ei næringslov, og at prinsippet om fridom under ansvar skal halde fram. Eigaren sitt forvaltaransvar, også for miljøverdiar på eigedomen, vart understreka, og at lova må gje klare rammer for miljøomsyn i skogbruket. Det må også førast vidare skogadministrasjon på kommune – og fylkesnivå som kan forvalte lova og tilhøyrande regelverk på ein god måte.

Departementet ber i sitt oversendingsbrev spesielt om synspunkt på om lova skal innehalde heimlar for forskrifter for forynging av skog og for miljøomsyn, og om innhaldet i slike forskrifter.

I forslaget er det ikkje føresegner om omdisponering av skogsmark til andre føremål.

Dette omsynet skal takast vare på gjennom Plan - og bygningslova, og gjennom jordlova.

Dette vil føre med seg justering av jordlova.

Vi meiner omsynet til vern av skogsmark venteleg vil bli teke godt vare på gjennom dei to nemnte lovene. At lova er ei næringslov og ikkje ei areallov vert understreka på denne måten.

*Skogavgifta* har i framlegget endra namn, til *skogfond*. Endringa er ei språkleg forbetring som motverkar mistyding.

Dei økonomiske virkemidla i den nye skogpolitikken har vist ein avtakande tendens. Dei juridiske og administrative virkemidla vert tilsvarande viktige. I tillegg til ei ny og tidsmessig skogbrukslov, vert det avgjerande at skogadministrasjonen på kommune – og fylkesnivå får kompetanse og kapasitet som gjer det mogleg å følgje opp skogpolitikken. Det er naturleg at når kommunane no får utvida sine funksjonar og sitt ansvar, så bør dette følgjast opp med styrking av skogadministrasjonen.

### **Merknader til dei enkelte føresegnene**

Tittelen på lova understrekar at det er ei næringslov, og ikkje først og fremst ei areallov. Dette er i samsvar med Stortinget sine føresetnader.

#### *Til § 1. Føremålet med lova.*

Formuleringa av føremålsparagrafen understrekar verdiskaping, og dermed at det er ei næringslov. Ulike miljøomsyn har fått etter måten stor plass i føremålsparagrafen.

#### *Til § 2. Virkeområde for lova*

I 2. ledd har lovteksten ein ordlyd som er misvisande for dei som ikkje les kommentaren til paragrafen. Slik det er skrive, må ein forstå føresegna slik at lova i utgangspunktet gjeld alle område som er freda etter naturvernlova. Meininga er ei anna, lova vil først og fremst kunne gjelde ved svakaste verneform, landskapsvernområde. Lovteksten verkar på denne måten

# MØTEBOK

Saksnummer: 14-00-04-10000 SKO	Kommune:
Møtedato: 09.02.2004	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

ikkje til avklaring i høve anna lovverk, snarare tvert imot. *Teksten bør difor skrivast om når det gjeld tilhøvet til naturvernlova.*

### *Til § 3. Skogbruksstyresmakt*

Føresegna klargjer skogbrukssyresmaktene på ein god måte, og kommentaren understrekar kommunen si viktige rolle i gjennomføring av skogpolitikken. Vi ber Departementet vurdere om kriteria for tildeling av midlar til landbruksforvaltning i kommunane, i tilstrekkeleg grad fangar opp arbeidsmengda med desse sakene.

Kommentaren omtalar ulike samarbeidsformer innan skogadministrasjon mellom kommunar, dette er løysingar vi har god erfaring med.

### *Til § 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar*

Føresegna inneheld 3 viktige prinsipp, som alle er godt uttrykt. Formuleringa om kjennskap til miljøverdiane knytt til tiltak, ikkje eit krav om at alle miljøverdiar skal vere kjende, er god og handterleg. Denne formuleringa er betre enn det som i si tid var skriva i forslaget til miljøforskrift.

Fridomen under ansvar er uttrykt positivt og direkte.

Vi er også samde i at føresegnene i lova rettar seg mot skogeigaren, og at tilhøve til entreprenørar og andre er av privatrettslege karakter.

### *Til § 5. Skogregistrering og skogbruksplan*

Den delen av argumentasjonen mot generelt påbod om skogbruksplan for eigedomar over ein viss storleik, av di plankvaliteten er for dårleg, verkar ikkje konsistent. Staten fastset krav til skogbruksplan gjennom forskrifter, både krav til innhald og som vilkår for tilskott, dette burde vere tilstrekkeleg til å sikre kvaliteten på planane.

Siste setning i føresegna peikar på at det i nokre høve kan vere aktuelt å påby skogbruksplan utan at eigaren ønskjer det.

På bakgrunn av at det etter kvart kjem til eigarar som har eit heller fjernt forhold til eigedomen og det å eige skog, bør departementet vurdere å innføre heimel for krav om skogbruksplan og drift etter planen ved erverv av skog, og der skog tydeleg er vanskjøtta.

### *Til § 6. Forynging og stell av skog*

Ei skjerpning av foryngingsplikta, slik lovføresegna slår fast, hadde verka meir logisk dersom lovgjevaren også følgde opp med tilskott til forynging.

Når det gjeld kva som kan reknast som akseptabel gjenvekst, synest tal planter av "teljande treslag", slik det går fram av tabellen s. 29 i høyringsdokumentet, å gje rimelege minimumskrav. For gran gjev tretalet akseptabel volumproduksjon, for fure og lauv er det i tillegg tilstrekkeleg tretal til å leite fram stammer som kan gje grunnlag for kvalitetsproduksjon.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14-00-04-10000 SKO	Kommune:
Møtedato: 09.02.2004	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

Treslag eller foryngingsmåte er ikkje nemnt i lovteksten. Vi er samde i dette, og meiner meir spesielle føresegner høyrer heime i forskrift. I praksis vil det likevel vere slik at tiltak etter 5 år på høg bonitet, for å rette opp manglande forynging, berre kan skje ved planting.

Med omsyn til treslag, og med vinkling på verdiskaping som lovforslaget legg opp til, og med politiske signal om at skogreisinga er avslutta, synest vi at merknaden på s. 30 om at ein legg til grunn forynging med same treslag som det som sto frå før, er logisk. Likeeins at gran i skogreisingsstrøk skal vurderast som gran i skogstrøka.

Ventetid på 5 år for naturleg forynging på høg bonitet er lang tid på Vestlandet. Forynging av gran ved skjermstillingshogst er ikkje aktuell, planting er einaste aktuelle foryngingsmåte. Høgbonitet mark vil forvillast fort, sjølv med fure som treslag. Hogst med tanke på naturleg forynging bør gjennomførast i samband med frøår. Vi foreslår ei ventetid på 3 år på Vestlandet for høg bonitet, 6 år for middels og 10 år for låg bonitet.

3. leden i lovføresegna er i innhald ei negativ skogreising. Vi trur handheving av denne føresegna blir vanskeleg, ikkje minst å avgjere kva som er store, negative effektar på miljøverdiane, og kven som skal avgjere dette.

Vi er samde i at departementet fastset ein forskrift om forynging og stell av skog, og at dei momenta som går fram av siste leden gjev uttrykk for det som er viktigast å få med. . Særleg frø – og planteforsyninga for fure og lauv, med mange lokale proveniensar og små parti med lita økonomisk tyngde, treng spesiell merksemd no, etter bortfall av statstilskott til planting. Å ta vare på lokale, verdfulle rasar av t.d. fure og lauvtreslag, er også viktig for det biologiske mangfaldet.

Når det gjeld kommentar til enkelte skogbrukstiltak, viser vi til det som er nemnt ovanfor.

## *Til § 7. Vegbygging i skog*

Denne føresegna har etter vår meining fått ei god utforming. Det skal reknast nytteverdi også for anna landbruksverksemd enn skogbruk. Dette er uttrykk for utviklinga innan landbruksnæringa. Vi legg til grunn at også verdiskaping i slik form for landbruksdrift skal takast med når ein reknar lønsemd ved bygging av skogsvegar. Vi vil peike på trong for verkty til å talfeste slike verdiar.

## *Til § 8. Hogst og måling*

Føresegna er klar og godt forma. Det er ikkje lenger forbod mot hogst av ung skog. Vi er samde i at så lenge det ligg ei økonomisk vurdering til grunn frå eigaren, er det ikkje trong for eit slikt forbod.

Det ville vere praktisk om det i denne samanhengen, eller som eiga føresegn, vart klargjort framgangsmåten for raskt å kunne stoppe ulovlege inngrep etter skogbrukslova, der viktige verdiar er i ferd med å bli øydelagt. Det er særleg ikkje- godkjent vegbygging og hogst i område med store miljøverdiar det kan vere viktig å stoppe raskt, og der det er trong for ein klår heimel for dette.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14-00-04-10000 SKO	Kommune:
Møtedato: 09.02.2004	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

## *Til § 9. Førebyggande tiltak*

I Sogn og Fjordane er hjortestammen fleire stader så høg at han gjer stor skade på skog. Dette gjeld særleg borkgnag på ung gran, men også feing og gnag på småplanter av fure. Nokre stader er dette så alvorleg at det hindrar forynging både av gran og fure.

Vi meiner føreseigna i 2. leden bør takast med. I tillegg til å slå fast at det kan fastsettast ei tolegrense, bør det også takast med kva for tiltak som kan settast i gang, og styrkeforholdet mellom denne føreseigna og aktuelle føreseigner i viltlova. Problemet er sannsynlegvis størst i område med mange små eigedomar, nokre i drift, andre ikkje, der dei aktive drivarane som får tap på grunn av skade, kjem i motsetningsforhold til passive eigarar som ønskjer ei størst mogleg viltstamme. Denne problemstillinga er vel kjent i vårt fylke. Ei ordning med spesiell tildeling av løyve til eigedomar med dokumenterte skader, og der eigaren får ansvar for å ta ut dyra, og der han også får verdien av ekstra skadekvote, er etter vår meining ein naturleg veg å gå.

## *Til §10. Tiltak etter skader på skog*

Føreseigna i forslaget har ei god og generell utforming, og det er opp til kommunen å setje i verk dei tiltaka som er nødvendige.

Vi er samde med departementet i at det er vanskeleg å fastslå vanhevd på skog, og dermed å sette i verk tiltak for å bøte på vanhevida. Påbod om drift av skogen etter plan kan vere ei mildare form for inngrep i forvaltingsretten til eigaren, i tilfelle der faren for skader ikkje er akutt.

## *Til § 11. Meldeplikt*

Når det gjeld føreseigna i 2. leden, meiner vi at det er mest korrekt, både språkleg og i innhald, at ein skogeigar kan setje i verk det melde tiltaket etter ein tidsfrist sjølv om kommunen ikkje gjev attendemelding. Slik 2. leden er forma ut i høyringsutkastet, vert det reelle innhaldet nærare ein søknad enn ei melding. Fristen på 3 veker er høveleg.

## *Til § 12. Vernskog*

Slik aktiviteten i skogbruket er no, er det svært liten risiko for inngrep og skadar i vernskog. Vi meiner likevel føreseigna er viktig, dels kan tilhøva endre seg i den nye lova si levetid, og ikkje minst kan landsomfattande fastsetting av vernskoggrenser synleggjere skog som er underlagt meldeplikt, og som styresmaktene har spesielt god styring med. Føreseigna bør følgjast opp med landsomfattande fastsetting av vernskoggrenser.

## *Til § 13. Skogområde med viktige miljøverdiar*

Vi er samde i at det blir innført heimel for ei miljøforskrift i den nye skogbrukslova, og at det er Departementet som kan fastsette slik forskrift. Det vert lagt til grunn at restriksjonane på den einskilde eigedom ikkje blir så store at det løyser ut erstatningar. I ein del tilfelle kan det bli vanskeleg å dra grenser for kor langt inngrep kan gå, utan å løyse ut krav om erstatning. ”Tilskudd til miljøtiltak i skog” kan vonleg vere med på å løyse grensetilfelle.

# MØTEBOK

Saksnummer: 14-00-04-10000 SKO	Kommune:
Møtedato: 09.02.2004	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

## *Til § 14. Innbetaling til skogfond*

Vi har ingen merknader til føresegnene, men vil gje uttrykk for at nemninga "Skogfond" er betre enn den tidlegare nemninga Skogavgift.

## *Til § 15. Bruk av skogfondet*

I 2. leden er det lista opp dei viktigaste tiltaka skogfondet kan brukast til. Vi meiner *skogsvegar* bør nemnast i denne opplistinga, dette er det viktigaste tiltaket skogavgift vert nytta til i vårt fylke, og vil venteleg bli det i lang tid enno. Nytt i høve til gjeldande lov, er at skogfondet kan nyttast til sikring av miljøkvalitetar i skogen. Vi er samde i denne utvida bruken av fondet.

## *Til § 16. Renter av skogfondsmidlar*

Ingen merknader.

## *Til § 17. Avgift på skogsvirke for å fremme forskning og utvikling i skogbruket*

Ingen merknader.

## *Til § 18. Tilskot*

Vi meiner det er rett at heimelen for tilskott til skogbrukstiltak finst i skogbrukslova, ikkje i Stortinget sine budsjettvedtak.

## *Til § 19. Tilsyn, kontroll og rapportering*

Det er viktig at kommunane set av tilstrekkeleg med ressursar til gjennomføring av ovannemnde oppgåver, og at slike ressursar kjem fram i overføringar frå staten til kommunane.

## *Til § 20. Klage*

Fylkesmannen, i praksis miljøvernavdelinga, sin klagerett er foreslått fjerna. Dette fører til ryddigare tilhøve innan fylkesmannsembetet, og vi er samde i dette forslaget.

## *Til § 21. Straff og tvangsgebyr*

Denne føresegna fører til ei utviding av kven som kan melde og krevje påtale for brot på lova. Tidlegare har det berre vore skogoppsynet som kunne krevje påtale. Vi forstår det slik at t.d. miljøorganisasjonar vil kunne krevje påtale av brot på lova. Dette vil sannsynlegvis føre til meirarbeid for skogstyresmaktene. Vi er likevel, på prinsipielt grunnlag, samde i endringa.

## **I SAMSVAR MED FULLMAKT FRÅ FYLKESMANNEN GJEV LANDBRUKSDIREKTØREN SLIK INNSTILLING:**

Fylkeslandbrukstyret seier seg samd med merknadene frå landbruksdirektøren.

**Handsaming i fylkeslandbruksstyret.**

# MØTEBOK

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I SOGN OG FJORDANE

Side 6

Saksnummer: 14-00-04-10000 SKO	Kommune:
Møtedato: 09.02.2004	Sakshandsamar: Hans Fr. Lauvstad

**Liv Stave (H)** sette fram forslag om endring av fråsegn og lovtekst for § 5, Skogregistrering og skogbruksplan.

Ho foreslo at siste avsnitt i landbruksdirektøren sine merknader til denne føresegna, og siste setning i forslag til lovtekst vart teke bort.

Ved røysting fekk Stave sitt framlegg ei røyst, Stave (H).

**Arne Sølberg (V)** sette fram forslag om at siste avsnitt i lovteksten for § 4, Skogeigar sitt forvaltaransvar, vert teke bort. Så lenge skogeigarar driv skogen sin i samsvar med standardane i "Levande skog" er det ikkje trong for slik forskrift.

Ved røysting fekk Sølberg sitt framlegg 3 røyster, Sølberg (V), Bakken (Kr. f.) og Stave (H).

Med unntak av dei nemnde forslaga, ga fylkeslandbruksstyret samrøystes tilslutning til landbruksdirektøren sine merknader.